



NORCONSULT AS AVD FØRDE
Poststboks 514
6803 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352
Solveig Kalvø Roald, 5557 2327

Uttale til oppstart av reguleringsplan for Øksnesmarka i Austrheim

Vi viser til melding om oppstart med planprogram for detaljregulering av næringsområdet N18 i Øksnesmarks. Det skal utarbeidast ei konsekvensutgreiing i samband med planarbeidet.

Føremålet med planen

Føremålet med planarbeidet er regulering til næringsføremål for å utvikle arbeidsplassar og nye næringar til det grønne skiftet som mellom anna er prioritert satsing i Vestland fylkeskommunen sin utviklingsplan. Området er på ca. 500 daa.

Noverande framlegg er å nytte området til landbasert oppdrett eller andre former for tilknytte næringar innan havbruk, blågrøn profil, grøn industri avfall/slamhandsaming/biogass, forproduksjon, desaltingsanlegg.

Det er ikkje tenkt utfylling i sjø eller etablering av hamn ut i sjøen. Ønska løysing er å etablere ei lagune/sprengje seg inn i området og etablere kai. Overskotsmassar er tenkt deponert/levert lokalt – til veg og ev. andre prosjekt. Når det gjeld utslepp til sjø er det tenkt høg reinsegrad/berekraftige løysingar.

Planframlegget vil ikkje vere direkte tiltaksretta, men legg rammer for seinare tiltak. Planen er føresett å vere avklarande i høve arealbruk og naudsynte arealbruksavklaringar vert gjort gjennom planprosessen. Ev. tiltaksretta utgreiingar er føresett gjort gjennom ev. konsesjonshandsaming der fylkeskommunen er ansvarleg myndigheit.

I og med at det ikkje er teke endeleg avgjerd om type verksemd, må planen legge til rette for gjennomføring av ulike moglegheiter, inkl. planering av landareal/uttak av massar. På land vil framtidig arealføremål truleg vere næring (kode 1300).

Statsforvaltaren sine merknader

I revisjonen av kommuneplanen si arealdel, vedtatt i 2019, var Statsforvaltaren, då Fylkesmannen, kritisk til at Øksnesmarka skulle ha næringsformål. Dette hadde samband med at arealet har store



verdiar med tanke på friluftsliv, strandsone og naturmangfald. Særleg naturmangfaldverdiane sto fram med særleg stor verdi, og til tredje gongs offentleg ettersyn skreiv vi mellom anna:

«Øksnes må klassifiserast som eit naturområde av nasjonal verdi. I alle fall delar av området inngår som kystlynghei som er ein sterkt trua (EN) og utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52. Reglane for utvald naturtype av naturmangfaldlova § 53 gjeld også førekomstar som ikkje endå er kartlagde og registrerte inn i naturbase.

Ut frå flyfoto og anna kartgrunnlag, kan det sjå ut til at det i tillegg kystlynghei er areal som kan klassifiserast som naturtype naturbeitemark (VU-sårbar). Typisk er det ein naturtype som inngår i mosaikken med kystlynghei, myr og våtmark. Det er ofte mange beitemarksoppar knytt til naturbeitemarkene. Mange av desse artane er trua. Det er stort potensiale for slike naturverdiar i planområdet.

Det gjeld også den trua naturtypen kystnedbørsmyr og/eller rikmyr (EN) som er ein del av denne mosaikken. Det meste av myr i Europa er drenert og øydelagt. Det er i Noreg vi har dei fleste intakte førekomstane og dermed dei mest verdifulle nedbørsmyrane. Såleis har vi eit særleg forvaltingsansvar for naturtypen. Dei siste åra har regjeringa også satt av ressursar til å restaurere myrar som allereie er drenerte både i eit klimaperspektiv og for å betra levekåra for artsmangfaldet. Ein stor del av myrområda i låglandet i Norge er allereie drenerte og øydelagde. Såleis vert det også i dette perspektivet særleg viktig å ta vare på variert mosaikk med trua natur representativt for kystnaturen i Austrheim og Nordhordland. Det er i løpet av 2016 og 2017 gjort fleire funn av den sterkt trua (EN) sommarfuglen breibandpraktviklar innanfor planområdet. Arten er svært sjeldan på Vestlandet og er knytt til lynghei og planta kusymre hjå oss. Basert på artsfunn registrert i Artskart er det mykje som tyder på at planområdet utgjer eit tyngdepunkt for utbreiinga i Norge. Området er ein av to registrerte førekomstar i Hordaland og den nordlegaste for arten i Norge. Fordi breibandpraktviklaren er sterkt trua og Øksnesmarka er ein særleg viktig levestad for arten, vert førekomstane her særleg viktige om vi skal nå forvaltingsmålet om å sikre arten på lang sikt i Norge jf. naturmangfaldlova § 5 om forvaltingsmål for artar. Konsekvensen av ei utbygging av næringsområdet på den sterkt trua breibandpraktviklaren og sannsynlege førekomstar av dei trua naturtypane kystlynghei, kystmyr og naturbeitemark, vil vere ei øydelegging av desse nasjonalt viktige naturkvalitetane.»

I dialogmøte med Austrheim kommune, meinte kommunen at det var svært viktig for kommunen å behalde arealet som næringsareal. Statsforvaltaren hadde forståing for dette, men var klar på at det er viktige nasjonale interesser i området. Dette gjeld særleg naturmangfald, og særleg den sterke trua breibandpraktviklaren. Statsforvaltaren var klar på at ein ikkje kan nytta området på ein slik måte at arten ikkje overlever i Øksnesmarka. Det var semje om at det må ytterlegare utgreiingar til før ein eventuelt kan nytte område til næring. Det vart diskutert om ein skulle krevje fleire utgreiingar før ein eventuelt kunne leggje ut område som næring i kommuneplanen eller om utgreiingskrava skulle leggjast til reguleringsplannivå. Det er noko problematisk å leggje ut eit næringsareal i kommuneplanen som ikkje fult ut er klarert og som ved vidare utgreiing kan visa seg og kome i for stor konflikt med naturmangfald i området. Dette kan skapa ein forventning om å få bygge. Det vart likevel konkludert med at ein kan gjere det på denne måten, etter eit sterkt ønske frå kommunen. Det må då leggjast inn eit føresegn i kommuneplanen som sikrar dette på ein god måte.

På bakgrunn av dette vart føresegn 2.1.3 bokstav J utforma:

«Næringsområdet N18 Øksnesmarka er eit potensielt næringsområde som ikkje er tilstrekkeleg utgreidd til å kunne nyttast til utbygging. Før det kan gjevast løyve til å nytte området eller deler av området til formålet næring, må det utarbeidast reguleringsplan med utfyllande konsekvensutgreiing som grunnlag



for vurdering av bruken av området. Konsekvensutgreiinga skal m.a. innehalde utgreiingar om naturmangfaldet der det inngår kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og sommarfuglen breibandpraktviklar.»

Statsforvaltaren vil etter dette presisere at konsekvensutgreiinga i denne saka, ikkje berre skal sjå på korleis skade skal minimerast, men også reelt vurdere om verknader på nasjonale verdiar i området er for store til at området kan nyttast til næring.

Verknad av planen

Planprogrammet avklarar ikkje kva verksemda som er aktuelt for området, sjølv om nokon aktuelle typar verksemder er nemnd. Vi gjer merksam på at det er krevjande å utarbeide ei god konsekvensutgreiing og plan, når ein ikkje heilt veit kva ein gjer konsekvensutgreiing for. Planen må ha gode føresegnar som avklarar kva type verksemder som kan etablere seg. Planen kan ikkje opne for tiltak som ikkje er utfyllande vurdert og der verknadane er tilstrekkeleg skildra i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen.

Nasjonale føringar

Under kapittel om nasjonale føringar i planprogrammet er Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging ikkje nemnt. Denne må ligge til grunn for planarbeidet.

Naturmangfald

I utgreiingsprogrammet står det at konsekvensar for naturmiljøet, biologisk mangfald og vassressursar er aktuelle problemstillingar. Vi legg til grunn at dette inkluderer kystlynghei, naturbeitemark, kystnedbørsmyr og breibandpraktviklaren slik føresegna i kommuneplanen krev. Slik vi ser det, vil det vere naudsynt å hente inn ny informasjon om mellom anna breibandpraktviklaren. Det kan også vere naudsynt med nye registreringar for å vurdere om det er naturbeitemark og kystnedbørsmyr i området, og kva verdi desse eventuelt har.

Kystlynghei

Naboareala til planområdet registrert som naturtype kystlynghei (UN), og det er utarbeidd skjøtselsplan for desse areala. For at naturtypen kystlynghei skal kunne takast vare på må areala skjøttast på ein bestemt måte, som inkluderer beiting og brenning. I konsekvensutgreiinga og/eller ROS-analysen må ein sjå på om det er konflikstar mellom mogleg verksemd i planområdet og denne skjøtselsforma og eventuelle negative verknader på området med kystlynghei må utgreiast.

Bredbandpraktvikler

Det ser ut til at område der denne arten er registrert i hovudsak ligg utanfor område der det er søkt om regulering no. I denne prosessen må det gjerast ei utvida registrering i området for å vurdere den totale utbreiinga til denne arten i dette området. Sjølv om leveområda til arten skulle ligge utanfor planområdet må det likevel gjerast ei vurdering av korleis planforslaget vil kunne påverke leveområda til breibandpraktviklaren (til dømes ved fragmentering av areal, konflikt med ønska driftsformer mm.) Det må mellom anna vurderast om tilkomstvegen vil kunne ha uheldig påverknad på leveområda.

Vassmiljø

Om planen skal opne for landbasert oppdrett eller andre former for havbruk, så må det vurderast om området er eigna for dette. Dette er eit plantema, og avklaringane skal ikkje utsettast til ein eventuelt konsesjonshandsaming. Både tilgang på vatn og om resipienten er eigna for utslepp må vurderast. Vi gjer merksam på at sjølv om ein legg opp til høg grad av reinsing, kan likevel utslepp frå eit landbasert oppdrettsanlegg verte betydeleg. Tilstanden i vassførekomsten må vurderast, og



sjåast i samanheng med planar om liknande verksemd elles i området. Det må etter vårt syn gjerast ei samla vurdering av konsekvensar på vassførekomsten frå alle planlagde tiltaka. Verknad på naturmangfald i sjø må også vurderast.

Anadrom fisk

Når det gjeld tilhøve for anadrom fisk er det særleg viktig å avklare kvar det er gyte- og oppvekstareal, og om desse kan bli påverka og evt. korleis. Det er og viktig å avklare om høve for fiskevandring kan ivaretakast. Det bør også vurderast kva risikoen er, for spreing av sjukdomar og rømming frå eit eventuelt landbasert oppdrettsanlegg.

Strandsone, landskap og friluftsliv

Området har stor verdi for friluftsliv, og deler av området er registrert som eit svært viktig friluftsområde. Øksnesmarka er del av eit større område med få inngrep, og næringsområdet vil ligge midt i dette område, og splitte det opp. Slike inngrepsfrie områder er viktige for både naturmangfald, friluftsliv og landskap. Deler av planområdet ligg også i strandsona.

I Statleg planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona lang sjø, stå det mellom anna at ved lokalisering av næringsareal bør det vektleggast om næringsverksemda som bidrar til økt lokal verdiskaping treng tilgang til sjø. Det står også at landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevingar og kjelde til identitet og livskvalitet for innbyggjarane. Ved planlegging må det tas omsyn til å bevare landskapskvaliteter og å tilpasse det bygde miljø til omgivnadane.

Det er viktig at ein i planarbeidet vurderer både kva verdiar som er i området, og kva verknad planen vil ha for viktige tema som strandsona, landskap og friluftsliv.

Lagune

Planprogrammet legg opp til at det kan sprengast ei lagune for å etablere kai. Vi forstår det slik at dette er tenkt i staden for utfylling i sjø og etablering av hamn der. Vi kan ikkje sjå at det er gått nærmar inn på kvifor ein ønsker denne løysinga. Vi meiner det må vurderast grundig om dette er den beste løysinga med tanke på graden av inngrep det blir lagt opp til. Er det gjort kost-nyttevurdering som synleggjer kvifor det skulle vere behov for tiltak av eit slikt omfang?

Det må gjerast ei grundig risikovurdering av utførelse av denne lagunen med tanke på å redusere partikkelforureining til sjø og mot tilgrensande gytefelt for torsk.

Det er viktig at mengder massar som må sprengast for ev. å etablere denne lagunen (hamna) vert dokumentert og bruken av overskotsmassane må utgreiast.

Massehandtering

Vurderingane av massehandtering bør omfatta mengd og kvalitet på massar som oppstår eller skal disponerast (massereknskap), handtering og disponering i tråd med avfallspyramiden, behov for areal til handtering, lagring og disponering, konsekvensar for klima, ureining og naturmangfald, og plangrep og krav for å redusere konsekvensane.

Bygge- og anleggstilltak bør i utgangspunktet planleggast med sikte på å oppnå intern massebalanse. Det bør som del av detaljreguleringsplanen lagast ein massedisponeringsplan i tråd med prinsipp i avfallspyramiden om å prioritera reduksjon, gjenbruk og materialgjenvinning. Berre massar utan gjenbruks- eller gjenvinningspotensiale bør deponerast.

Det bør setjast av tilstrekkeleg areal for mellomlagring og sortering av massar innanfor planområdet.



Overskotsmassar av jord og stein er rekna som næringsavfall


I rettleiaren til Miljødirektoratet om massehandtering [1243/2018](#), er det klargjort at overskytande jord- og steinmassar frå samferdselsutbygging og andre anleggsarbeid normalt skal reknast som næringsavfall og disponerast i tråd med avfallsregelverket.

Vurdering av massehandtering i planprosessen er viktig for å bidra til berekraftig massehandtering

Målet i ureiningslova er at avfall skal føra til minst mogleg skade og ulempe. Det skal om mogleg gjenvinnast, helst ved ombruk eller materialgjenvinning.

Berekraftig masseforvaltning i tråd med reglane i ureiningslova tek utgangspunkt i avfallspyramiden, også kalla ressurspyramiden. Det mest berekraftige er å sikra mest mogleg massebalanse i prosjektet, sjølv om dette ikkje skal gå utover gode løysingar. Deretter skal ein vurdera tiltak for størst mogleg gjenvinning. Dersom dette ikkje er mogleg kan massane brukast til utfylling på land eller i sjø. Siste utveg er å deponera massane på eit godkjent deponi.

Dette er vist under i ressurspyramiden for masseforvaltning laga av Asplan Viak.



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023 har òg føringar for berekraftig masseforvaltning (side 18 om mineralressursar); «Uttak av byggeråstoffer (pukk, grus, sand) til bygge- og anleggsformål med korte transportavstander og reduserte klimagassutslipp, er viktig. God arealplanlegging kan bidra til dette. I tillegg er det viktig at mineralske masser av god kvalitet gjenvinnes som byggeråstoffer, der dette er mulig. Dette kan redusere presset på bynære grus- og pukkressurser og behovet for massetransport. En helhetlig vurdering av massehandtering i plansammenheng kan være et nyttig virkemiddel for å avklare dette.»

Rettleiaren til Miljødirektoratet om massehandtering [1243/2018](#) har informasjon om korleis ein kan leggja til rette for gjenvinning. Her er det mellom anna vist til at tilrettelegging kan omfatta:

- å sørga for at det tidleg i planprosessen vert sett av tilstrekkeleg areal til mellomlagring, sortering og eventuell behandling av massane som er venta å oppstå
- god karakterisering av bergartar og grunn på førehand, for å vurdera aktuelle bruksområde og for å skilja mellom stein eller andre massar av god og mindre god kvalitet
- kartleggja og inngå avtalar med utbyggjarar som vil trenga utfyllingsmassar i den aktuelle tidsperioden, eller lokale aktørar som driv masseuttak (slik som pukkverk, grustak o.l.)
- velja metodar for uttak av stein som legg til rette for planlagt bruk



Ureina overskotsmassar må leverast til godkjent mottak

Ved anleggsarbeid vil det normalt også oppstå massar som inneheld ureining over normverdien i kap. 2 i ureiningsforskrifta. Slike massar kan uansett ikkje disponerast lokalt, men må leverast til godkjent anlegg.

Konklusjon

Det vart i kommuneplanen ikkje gjort tilstrekkelege gode vurderingar for å konkludere med at området ikkje vil tilsidesette nasjonale verdiar. Desse vurderingane skal gjerst i denne planprosessen.

Det er store verdiar i området, og konsekvensutgreiinga må vurdere alle relevante tema grundig, for at ein skal kunne ta endeleg stilling til kva tiltak som kan gjerast i området, utan at viktige statlege og regionale omsyn vert sett til side. Vi trekkjer særleg fram omsynet at breibåndpraktviklaren skal ha eit godt og fungerande leveområde også etter ein eventuell utbygging. Det er også avgjerande at det vert mogleg å drive skjøtsel av kystlyngheia ved sida av planområdet, med brenning og beiting. Verknadane av tiltak som planen legg opp til må vere vurdert tilstrekkeleg i konsekvensutgreiinga og ROS-analysen. Vi vil vere opne for ein dialog under vegs i prosessen, dersom kommunen ønskjer det.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Austrheim kommune

Vestland fylkeskommune

Kommunehuset

Postboks 7900

5943

5020

AUSTRHEIM

BERGEN